# Årsplan 2023-2024



VIKALIDA BARNEHAGE

NATUR
OG
FRILUFTSLIV

# Barnehagen vår




















# Kvifor natur- og friluftsbarnehage

- Det finns ingen definisjon på kva som er ein natur eller friluftsbarnehage. Det er opp til den enkelte å definere kva dei legger i omgrepet. Men det finnes ein del fellestrekk ved disse barnehagane, og det spesielle ved friluftsbarnehagane. er at barnehagen har naturen som arena for leik, oppleving og læring.
- Eit sentralt mål er at barna blir kjent med og glade i naturen, og dermed også at dei ynskjer å ta vare på den. Dette får vi til ved å : - være i naturen - gi naturlege utfordringar i trygge omgjevnadar - gi nære naturopplevingar - lære barna å kle seg og te seg i all slags vær - lære dei å bruke ski og kjelkar - lære dei å bruke reiskapar som kniv og øks - lære dei å hauste frå naturen - lage bål til hygge og til nytte - vise omsorg for kvarandre - lære om naturen - vise omsyn og være varsame når vi ferdes i naturen - undre oss over det vi ser , og det vi ikkje ser.
- Når vi er ute i naturen ser vi at - det er mindre konflikt mellom barna - barna hjelper kvarandre med å løyse oppgåver - barna finner nye venner og grupperingar.
- Tanken er at alle deltar i naturen på egne premisser, og at alle har behov for utfordringar. Vaksenrolla i et aktivt samspel må til for å gi barna tillit, tryggleik og undring i naturen. Berre ved å gi av oss sjølve, vil vi vinne nye venner.
- I barnehagen held vi på med friluftsaktivitetar året rundt og i all slags vær. Vi har ein ide om at alle påfunn til sjuande og sist skal kunne gjærast med tanke på friluftsliv. Vi har eit uteområde som tilfredstiller vårt motto: ” Ute kan vi gjere alt” Friluftsliv gir mange positive ringverkingar. Barnehagen jobbar også mykje med den aktive og engasjerte vaksenrolla.



# Visjon

- **Vår visjon er:**
- **Vi vil så spiren**
- **til**
- **DET GODE LIV**
- **Kva legg vi i dette:**
- **VI:** er personalet i Vikalida barnehage som vil gjere vårt for å bygge "vi" kjensla i Vikalida barnehage
- **VIL:** handle aktivt i forhold til samarbeid personalet imellom, i nært samarbeid med barn, foreldre og andre samarbeidspartar.
- **SÅ:** Vi vil gje barnet det vi meiner er viktig for at det barnet skal få eit godt liv. Kvart barn er ulikt og har ulike behov.
- **SPIREN TIL DET GODE LIV:** Personalet i Vikalida tenkjer at skal vi så spiren til det gode liv, så må vi gje barna grunnlaget for ein god barndom.




# Verdiar

- Den brennande varden skal symbolisere at det å oppdra eit barn er ikkje å fylle eit kar, men å tenne ein eld.
- Skal vi bygge ein varde må vi bygge stødig, derfor er grunnarbeidet viktig. Stein på stein byggjer vi, og grunnlaget er viktig.
- Varden er symbolet vårt for dei verdiane vi synest er viktig å legge vekt på i vår kvardag. Innhaldet i årsplanen og måten personalet i barnehagen arbeider på skal gjenspegle vår visjon og våre verdiar.



# Inkluderande Barnehagemiljø - vi vil:

- Jobbe for å være omsorgsfulle tilsette som ser kvart enkelt barn
- Jobbe for ei god tilvenjing som skaper trygge barn
- Ha fokus på leik som er den viktigaste arenaen for barn
- Å vere anerkjennande der barna kjenner fridom til å være den ein er
- Ha fokus på trivsel gjennom leik, humor og glede, som er det beste grunnlaget for læring.
- Bruke naturen som arena for å skape eit inkluderande barnehagemiljø, der barna får medverke i sin kvardag.

# Årshjul 2023/2024

**April/Mai/Juni:**
Vårens undere – Fokus på nytt liv og spennande opplevingar ute.
Når Mars er på hell byrjar vi så smått å merke endringar i naturen, det blir varmare i været, knoppar sprett, og insekt å fugla livnar til. Vi skal feire påske, vi skal forske på nytt liv i naturen.
Etter kvart skal vi erfare varmen, det grøne graset mellom tærne og springe lettkledd gjennom dagen.

**Januar/Februar/Mars:**
Ha fokus på leik og aktivitet ute. Forske på brytninga mellom vinter og vår.
Dette er tida for snø og vinterleik. Ofte kan vinteren vente på seg, då kan det vere fint å gå i skogen. Finne eit nedfallstre, som fort kan bli ei sjørøverskute. Her kan fantasien få utfalde seg fritt.
I denne perioden vil vi og ha ekstra fokus på Urbefolkninga vår og markere samane sin dag 6. februar.




**August/September**
Tilvenjing - den gode starten. Relasjonsbygging
Voksen/barn, barn/voksen, barn/barn.
Legge grunnlaget for vennskap gjennom leik, humor og glede.
Etablere ei forrutsigbar dagsrytme.
Turar i skog og mark, forske på naturen sine små under.
Hauste av det naturen gir oss av bær og andre godsaker.

**Oktober/November/Desember:**
Opplevingar i naturen i brytninga mellom haust og vinter.
Vi går inn i ei tid der dagane blir kortare og kortare.
Jorda roterar i ca. 23,5 graders vinkel og vi vender oss meir og meir bort frå sola. Når dagane blir kortare blir temperaturen synkande.
Vi vaksne har eit særleg ansvar å gi barna gode opplevingar i naturen også i denne perioden.
Ein vasspytt som frys, eit bla som sakte men sikkert blir gult og fell til bakken. Her er mykje å forske på.
Vi har og tradisjonar vi føl, då særleg med tanke på jul.
Her fokuserar vi på kos og ikkje stress.

# Kalender

| Mnd. | August | Sept-ember | Oktobe r | Nov-ember | Des-ember | Januar | Februar | Mars | April | Mai | Juni/juli |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kva skjer og når | Tysdag 1. august – oppstart nytt barnehage år. | Karius og Baktus 19.Sept<br><br>Foreldre møte 12/09 19:30-21:30 | Plandagar 9. Og 10 oktober – barne-hagen Stengt<br><br>Fn- dagen 24. okt.<br><br>Foreldres amtaler | Foreldres amtaler | Lysfest 1.des.<br><br>Nissefest 5. Des<br><br>Lucia 13.des<br><br>Kykje-Besøk 19?<br><br>Gløgg 21.des | 02.01.24 Stengt | Samane sin dag tysdag 6.Februar<br><br>Solfest<br><br>Karneval Fredag 16.feb.<br><br>Foreldres amtaler | Barnehag edagen Tysdag 12. mars?<br><br>Påske ½ dag onsdag 27.mars (28/03 - 01/04) | Plandag 15.04.24 Stengt<br><br>Fest i kulturhus et Onsdag 17.04.24<br><br>Årsmøte 25.04.24<br><br>Foreldres amtaler | Dugnad Tysdag 07.05.24<br><br>17.mai-Feiring 16.Mai<br><br>Fotografe ring 28. Mai(29.m ai) | Plandag 28.06.24 Stengt<br><br>Onsd. 12. juni Avslut-ningsfest Gneisten<br><br>Siste dag før ferie 5.juli |

# Dei 7 fagområda

- Kommunikasjon, språk og tekst – Dialogisk lesing, setje ord på det vi gjer, ser og høyre
- Kropp, rørsle, mat og helse – fysisk aktivitet i skog og mark, sunne matvalg
- Kunst, kultur og kreativitet - Oppleve kunst og estetikk, og sjølv uttrykke seg estetisk.
- Natur, miljø og teknologi – Bærekraftig utvikling, få ein forståelse for korleis ting heng saman i naturen.
- Antal, rom og form –Gjennom leik, eksprementering og kvardagsaktivitetar utviklar barn sin matematiske kompetanse.
- Etikk, religion og filosofi – Er med på å forme måter vi oppfatter verden på. Religion og livssyn legg grunnlaget for etiske normer.
- Nærmiljø og samfunn –Barnehagen skal legge vekt på å styrke kunnskap om og tilknytning til lokalsamfunnet, natur, kunst og kultur, arbeidsliv, tradisjoner og levesett.





1-2 år



2-3 år



3-4 år



4-5 år



5-6 år

# Progresjon

- **Personalet skal**
- oppdage, følge opp og utvide det barna allerede er opptatt av
- planlegge og tilrettelegge for progresjon i barnehagens innhold for alle barn
- bidra til at barna får mestringsopplevelser og samtidig har noe å strekke seg etter
- legge til rette for fordypning, gjenkjennelse og gjentakelse i barnehagens innhold og arbeidsmåter
- introdusere nye perspektiver og tilrettelegge for nye opplevelser og erfaringer
- sørge for progresjon gjennom bevisst bruk av materialer, bøker, leker, verktøy og utstyr og gjøre disse tilgjengelig for barna(jmf.: Rammeplan for barnehagen).

# Dagsrytme/opningstid

Det er høve til å søke utvida opningstid, sjå vedtekter pnkt. 9

| Spiren | Virvelvind | Dråpen | Gloa/Gneisten |
|---|---|---|---|
| 07:30<br>Frokost - Spiren | 07:30<br>Frokost - Spiren | 07:30<br>Frokost - Kjøkken | 07:30<br>Frokost - Kjøkken |
| 09:10<br>Samling - Spiren | 09:10<br>Samling – Spiren/ stova | 09:10<br>Samling – grupperom stova | 09:10<br>Samling - Hytta |
| 09.30 – 14.00<br>Kjernetid – leik og læring | 09.30 – 14.00<br>Kjernetid – leik og læring | 09.30 – 14.00<br>Kjernetid – leik og læring | 09.30 – 14.00<br>Kjernetid – leik og læring |
| 11.00 – Lunsj<br>Sovetid etter lunsj | 11.30 - Lunsj<br>Sovetid etter lunsj | 11.30 - Lunsj<br>Kvilestund/ roleg leik etter lunsj | 11.30 - Lunsj<br>Kvilestund/ roleg leik etter lunsj |
| 14:00 Frukt | 14:00 Frukt | 14:00 Frukt | 14:00 Frukt |
| 14.30 Leik fram til barnehagen | 14.30 Leik fram til barnehagen | 14.30 Leik fram til barnehagen | 14.30 Leik fram til barnehagen |
| Stenger 16:30 | Stenger 16:30 | Stenger 16:30 | Stenger 16:30 |

# Den viktigaste samarbeidspartnaren

- Som forelder er du den viktigaste samarbeidspartnaren vår
- Vi samarbeider etter "barnets beste prinsippet"
- Du kjenner barnet best og saman kan vi støtte barnets utvikling på best mulig måte
- Gjennom dagleg kontakt, foreldresamtaler, foreldremøter og foreldreråd og gjennom foreldrerepresentantane i samarbeidsutvalget, kan vi skape ein god barnehage til beste for barnet ditt

# Andre samarbeidspartnarar

OVERGANG SKULE– her har vi egne samarbeidsrutiner for en god overgang fra barnehage til skule. Leiarar i skule og barnehage og lærarar har faste planleggingsmøter for å legge til rette for best mogleg overgang.
UNGDOMSSKULEN- Arbeidsveke 9.kl
VIDEREGÅANDE SKULAR – dette gjelder også stort sett studentar som skal inn i yrker som barne-og ungdomsarbeidarar, omsorgsarbeidarar/helse arbeidarar, men også andre type fagbrev som krev barnehagepraksis.




PPT – Ppt kan rettleie oss i arbeidet vårt med barn som treng spesielt oppfølging. Dei kan og være med å observere og kartlegge, då dei har sertifisering til å utføre andre type kartleggingar enn oss. De som forelder vil alltid bli involvert om dette skal skje.
HELSESTASJON – helsestasjon bidreg med m.a. helsemessig rettleiing til barnehagen. Det blir alltid henta samtykke frå de som foreldre om informasjon om barnet skal utvekslast.
BARNEVERN – barnehagen kan få rettleiing angåande vår jobb med enkelt barn eller grupper. Ved bekymring for barnet og ev. familien plikter vi og melde frå om dette til barnevernet.
BUP – http://www.bupbarn.no her finn de informasjon om kva BUP kan gjere for dykk som foreldre. Vi i barnehagen brukar Bup som rettleiingsinstans i spesielle saker.

NAV- her har vi eit tett samarbeid som IA bedrift, og også i forbindelse med folk som ynskjer å prøve seg ut i arbeidslivet med ein såkalt praksisplass.
HØGSKULAR – her er det stort sett studentar vi samarbeider om. Skal vi rekruttere til yrket, må vi være villig til å ta inn studentar i praksis. Dette gjeld stort sett barnehagelærarar.

# Styringsdokument

Rammeplan for barnehagen

Lov om barnehage

Barnekonvensjonen

Grunnloven

# Personalet

Heidi Liadal
Styrar



Anita Bjørke
Ass.Styrar
Flygar



Anette Strand
Ped.leiar –
Gneisten/Gloa



Alf-Martin Almsgård
Barnehagelærar
Gneisten/Gloa



Ketkaoe Frosterød(G)
Barne-og ungd. arb.
Gneisten/Gloa



John-Marius Berger
Assistent
Gneisten/Gloa
Dråpen



Gunlaug S. Tenden
Barnehagelærar
Dråpen/Flygar



Liv Olsbø
Ped.leiar
Dråpen



Ann-Therese Gausemel
Barnehagelærar
Dråpen



Helene Lindvik
Barne- og ungd.arb
Dråpen



Randi Beinnes
Barne- og ungd.arb
Dråpen



Katrin Åland
Ped.leiar
Virvelvind



Andrea B. Mardal
Barnehagelærar
Virvelvind



Danijela Stojcovik
Barne- og ungd. arb.
Virvelvind



Anja Halsør
Ped.leiar
Spiren



Anita Vangberg
Barne- og ungd.arb.
Spiren



# Kontaktinformasjon

1

Vikalida barnehage, vikalida 9., 6783 Stryn

2

Vigilo.no - foreldreportalen

3

Vikalida barnehage tlf.: 57872288 el. 90527089